



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Mikal Vedå Bredal, 51 56 87 39

Høyring - TINE SA Tine Meieriet Jæren, Hå - Ny utslippstillatelse Kviamarka 19/38 Nærbø, via IVARs renseanlegg Grødalaland

Statsforvaltaren i Rogaland har mottatt søknad om endring av løyve etter forureiningslova frå Tine SA avd Jæren (TMJ). Dei søker om løyve til auka mottak og produksjon av meieriprodukt.

Du kan kome med merknader til søknaden innan **30.10.2025**

Kven søker?

Søkar: Tine SA avd Jæren

Lokalisering: Næringsvegen 21, 4365 Nærbø

Gårds- og bruksnummer: 19/38

Verksemd: Produksjon av meieriprodukt

Løyve: Løyve 2011.120.T etter forureiningslova, datert 03.05.2011, tilgjengeleg på norskeutslipp.no

Det blir søkt om:

Produksjon:

TMJ søker om å auke kapasiteten for mottak av mjølk, mysekonsentrat og fløyte til høvesvis inntil 224, 32 og 10 millionar liter per år. Dette skal leggje til rette for ein årleg produksjon på opptil 55 000 tonn mjølkeprodukt (fløyte, smør, margarin, feittprodukt, prim, kvitost og pulver). I samband med kapasitetsauken søker TMJ òg om å auke mengda av avlaupsvatn som vert sleppt ut til det kommunale avlaupsnett. Det vert likevel søkt om å sende noko av dette på eiga leidning for reine vassfraksjonar som går utanom nedstraums reinseanlegg.

Meieriet planlegg kontinuerleg drift, alle dagar i året, noko som er ei utviding frå gjeldande løyve.

Utslepp til vatn:

TMJ opplyser at dei er kjende med utsleppsgrensene (BAT-AEL) for utslepp til vatn, slik dei er fastsette i industriutsleppsdirektivet (IED). Desse grensene gjeld for utslepp til ytre miljø. Reinsinga som skjer nedstraums ved Grødalaland reinseanlegg, kan difor leggjast til grunn ved vurderinga av grenseverdiar for påslepp til det kommunale avlòpsnett.



TMJ har søkt om mellombels unntak frå gjeldande BAT-AEL-verdiar, og ber om å få fastsett følgjande grenseverdiar påslepp/utslepp:

Parameter	Omsøkt langtidsgrense	Omsøkt grenseverdi for påslepp (døgnmiddel)	BAT-AEL*
Avløpsvassmengde**	750 000 m ³ /år	2100 m ³ /døgn	–
pH		6-9***	–
Kjemisk oksygenforbruk (KOF)	1500 tonn/år	1800 mg O ₂ /l	25–125 mg O ₂ /l
Biologisk oksygenforbruk (BOF ₅)	900 tonn/år	1200 mg O ₂ /l	–
Total nitrogen (TN)	180 tonn/år	240 mg/l	2–20 mg/l
Total fosfor (TP)	30 tonn/år	40 mg/l	0,2–2 mg/l
Feitt	190 tonn/år	200 mg/l	–
Suspendert stoff (TSS)	270 tonn/år	300 mg/l	4–50 mg/l
Temperatur	27 °C	33 °C (midlingstid time)	–
Støv****			2-20 mg/Nm ³

* Retningslinene frå EU og Miljødirektoratet seier at det er den nedre grenseverdien for BAT-AEL som skal fastsetjast som krav for utslepp til ytre miljø.

** Viss RO vatn, kondensat og kjølevatn kan leias på egen leidning kan grenseverdiane reduserast betydeleg

*** Det går fram av søknadsdokumenta at desse grenseverdiane per dags dato ikkje kan overhaldast. Det blir søkt om mellombels grense på pH 2–12 fram til 01.01.2029

**** Utslepp til luft

TMJ grunngjev unntakssøknaden med at kostnadene knytt til å oppfylle BAT-AEL-krava blir vurderte som uforholdsmessig høge i forhold til dei miljømessige fordelane dette ville gi.

Statsforvaltaren sine merknader

Søknaden vil bli handsama i tråd med forureiningsforskrifta § 36 om handsaming av løyve etter forureiningslova.

Det har vore endringar i miljøregelverket sidan løyvet til TMJ blei gitt i 2011, mellom anna som følgje av innføringa av IED. TMJ er omfatta av forureiningsforskrifta § 36, Vedlegg I, og dermed også BAT-konklusjonane for næringsmiddelindustri (BREF FDM).

Difor har vi varsla revisjon av løyvet med heimel i forureiningslova § 18 fjerde ledd. Som del av denne revisjonen vil løyvet bli oppdatert for å vere i samsvar med gjeldande miljøkrav. I den samanheng bad vi verksemda om å søkje om ynskde endringar og eventuelle unntak frå BAT-AEL, slik at dette kan vurderast samtidig med revisjonen.

Offentleg høyring – Du kan kome med merknader til søknaden

Alle innkomne uttalar vil bli arkiverte og brukte i Statsforvaltaren si vidare handsaming av saka.

Uttalar kan sendast til Statsforvaltaren i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger, eller til: sfropost@statsforvalteren.no. Ver venleg og bruk referanse: **2020/7347**

Søknaden vil bli lagt ut på Statsforvaltaren i Rogaland sine nettsider:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Hoyringar/>

Frist for uttalar er **30.10.2025**

**Vi ber spesielt kommunen og IVAR IKS uttale seg om saka**

Vi ber om at følgjande forhold blir vurderte:

- Kapasitet på leidningsnett og reinseanlegg: Ei vurdering av om leidningsnettet og Grødaland reinseanlegg har tilstrekkeleg kapasitet til å handtere dei avlaupsmengdene og den vasskvaliteten det blir søkt om påslepp av.
- Grenseverdiar: Dersom de meiner at nokre av grenseverdiane bør vurderast endra, ønskjer vi faglege innspel om behov for skjerping, lemping eller tillegg. Desse innspela vil inngå i vår vidare vurdering.
- Planstatus og arealavklaringar: Ei vurdering av om TMJ er i tråd med gjeldande arealplanar, reguleringsføresegner og andre relevante føringar for området.
- Andre forhold av betydning: Eventuelle andre lokale forhold som ikkje er tilstrekkeleg omtala i søknaden, og som bør takast med i vurdering av saka.

Med helsing

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)
fagleder forurensing

Mikal Vedå Bredal
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

TINE SA AVD JÆREN

Postboks 125

4367

NÆRBØ

Adresseliste:

HÅ KOMMUNE AVLØP/KLOAKK	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
HÅ KOMMUNE	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
NORPRI AS	Næringsvegen 27	4365	NÆRBØ
DEN STOLTE HANE AS	Næringsvegen 23	4365	NÆRBØ
NÆRBØ KYLLINGSLAKT AS	Næringsvegen 25	4365	NÆRBØ
HÅ KYLLING AS	Næringsvegen 25	4365	NÆRBØ
NORTURA SA AVD EGGPAKKERI HÅ	Postboks 360 Økern	0513	OSLO
IVAR IKS	Postboks 8134	4068	STAVANGER
ROGALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
MILJØGARTNERIET AS	Næringsvegen 13	4365	NÆRBØ